Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29 — Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Tysnes

Emne: Julenissen — Bygdelag: "

Oppskr. av: Johannes Higgland — Gard:

(adresse): Tysnes — G.nr. — Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Julenissen vart fyrst kjend her gjennom juletrefestane i vår tid. Før i tida gjekk borna julegeit, og me får vel seia det er det romet den moderne julenissen hev fått, som no ter seg i heimane og på festar i samband med jula.

2 Julenissen kjem stundom med alt og stundom berre på umstig. Noko fast strevet er ikkje kjent at han får.

3 Anten faren i huset eller halvvaksen gut. Ikkje gjenter. Helst skal han vera medels av storleik.

4. Utstyr vanleg raud kufte, kvitt hår og skjegg.

5. Ein lagar gjerne utstyr sjølv, stundom og masker.

6 Ja i dag gjer ein det. Men det gnosar noko, og det vert ikkje so mykje å sjå av det slaget no mot før.

7898 b.

7. Nei, dei skal helst inn og ha mat eller få "knask" i neven.
8. Neppe. Tendensen går mot å få bort nisseskikkane.
9. Eg har ikkje komme over slike hende. Men elles trengst det ikkje gå so langt att i tida før ein finn folk som trudde på nissen – om dei ikkje ville vera ved det. Dei var tvert om brennande redde for at det skulle koma for dagen. Slik var det til med i far min si tid.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

7898 b.